



DEN NORSKE KYRKJA

Undheim sokneråd

Møteprotokoll

Råd: Undheim sokneråd
Møtestad: Undheim kyrkje - kyrkjekjellaren
Dato: 07.09.2022
Tid: Kl. 19:00

Følgjande medlemmer møtte	Rolle
Anne Lise Undheim	Medlem
Hanne Brit Sandsmark	Leiar
Ivar Risa	Medlem
Oddvar Undheim	Nestleiar
Per Arne Undheim	Medlem
Roald Byberg	Medlem
Tordis Sandvik	Medlem

Forfall
May Brit Merland Arnø

Varamedlem
Kari Haavardsholm

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
011/22	Godkjenning av innkalling
012/22	Godkjenning av referat frå førre møte.
013/22	Meldingssaker
042/22	Avtale med bispekontoret om 100% stilling for prest på Undheim
043/22	Midlertidig engasjement av Per Børge Hillestad
044/22	Jubileum Stavanger bispedømme 900 år 2025

011/22 Godkjenning av innkalling

Forslag til vedtak:
Innkalling vert godkjent.

07.09.2022 Undheim sokneråd

US - 011/22 Vedtak:
Innkallinga blei godkjend

012/22 Godkjenning av referat frå førre møte.

Forslag til vedtak:
Referat frå førre møte vert godkjent.

07.09.2022 Undheim sokneråd

US - 012/22 Vedtak:

Referatet blei godkjent.

013/22 Meldingssaker

Forslag til vedtak:

Meldingssakene vert tatt til orientering.

07.09.2022 Undheim sokneråd

Behandling:

Samantreff ventar me med til seinare, sidan me har gått i gang med GLØD G2-prosjektet.

Det er 43 påmelde til weekenden.

Kari K. Reiten tek seg av det musikalske på Supermix for ein periode.

Givartenesta ligg ca 2000 kr under det som var snittet for i fjor.

Oppsummering av sist halvår.

- Koronarestriksjonane blei fjerna. Oppmøtet har ikkje teke seg heilt opp igjen etter epidemien. Folk har blitt vande med å vera heima.

- Roald heldt fram med å vikariera for May Brit.

- Det var godt oppmøte på UKUF og på Open kjellar.

- Det var mange frivillige som deltok på gudstenestene.

US - 013/22 Vedtak:

Meldingssakene blei tekne til orientering.

042/22 Avtale med bispekontoret om 100% stilling for prest på Undheim

07.09.2022 Undheim sokneråd

Behandling:

- Me veit ikkje kva me får viss me går inn for å berre ha prest i 50%. Undheim treng ein prest i 100% stilling.

- Dersom me går vekk frå 100% stilling, så vil me ikkje få den same løysinga igjen.

- Me treng meir pengar inn i gjevartenesta viss me skal halda fram med avtalen som me har med bispedømmet.

- Det kostar oss ikkje noko å venta og sjå slik situasjonen er i dag.

- Det er eit alternativ å oppretta mindre og andre type stillingar i staden for å ha prest i 100% stilling.

US - 042/22 Vedtak:

Undheim sokneråd stemde over avtalen. Det var sju personar med stemmerett til stades.

Fire personar stemde for å seia opp avtalen og tre personar stemde mot.

043/22 Midlertidig engasjement av Per Børge Hillestad

Soknerådet vil tilsetta Per Børge Hillestad i eit vikariat på 10% med rom for at han kan arbeia opptil 20% viss det er behov for det. Avtalen gjeld fram til desember 2022, men det er aktuelt å vidareføra avtalen.

07.09.2022 Undheim sokneråd**Behandling:**

Per Arne, Oddvar og Frode hadde møte med Per Børge. Per Børge har etter det hatt kontakt med fleire for å engasjera dei i arbeidet.

US - 043/22 Vedtak:

Soknerådet vil tilsetta Per Børge Hillestad i eit vikariat på 10% med rom for at han kan arbeia opptil 20% viss det er behov for det. Avtalen gjeld fram til desember 2022, men det er aktuelt å vidareføra avtalen.

044/22 Jubileum Stavanger bispedømme 900 år 2025**07.09.2022 Undheim sokneråd****US - 044/22 Vedtak:**

Det var ikkje aktuelt for nokon i soknerådet å stilla på dette i denne omgangen.